



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 44

(2006–2007)

## Om lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover

(samleproposisjon våren 2007)

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 30. mars 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i

- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova)
- lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova)
- lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd
- lov 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.
- lov 29. april 2005 nr. 20 om innkreving av underholdsbidrag mv. (bidragsinnkrevjingslova)
- lov 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordningar for avtalefestet pensjon.

I proposisjonen foreslår ein i hovudsak lovtekniske justeringar og opprettingar, men også nokre materielle endringar og presiseringar.

Endringane i folketrygdlova gjeld:

- *Rett til pleiepengar ikkje berre ved innlegging i helseinstitusjon, men også i samband med poliklinisk behandling i sjukehus (punkt 2).* Utviklinga går i retning av at stadig fleire sjukdomstilfelle som tidlegare blei behandla ved innlegging no berre blir behandla poliklinisk. Lovendringa inneber at også tilfelle som berre behandlast poliklinisk ved sjukehus vil kunne gi grunnlag for rett til pleiepengar.
- *Utviding av rett til attføringspengar under sjukdom i attføringsperioden (punkt 3).* Retten til attføringsyttingar i fire veker under sjukdom når ein er under yrkesretta attføring blir foreslått utvida med ein skjønnsmessig heimel til å gi attføringsyttingar i ytterlegare fire veker når det er klart at den planlagde attføringa vil kunne gjennomførast etter sjukdomsavbrotet.
- *Lovteknisk justering i § 2–9 fjerde ledd andre punktum (punkt 4.1).* Talet 14 blir bytta med talet 16 slik at den perioden det ikkje ytast sjukpengar blir i samsvar med arbeidsgivarperioden.
- *Oppheving av folketrygdlova § 3–15 fjerde ledd om at ein person som får rekna personinntekt frå føretak, kan krevje at den pensjonsgivande inntekta blir sett ned til normallønn for arbeidsinnsatsen (punkt 4.2).* Det er på grunn av endringar i skattelova ikkje lenger behov for leddet. Tilsvarende foreslår ein ei endring i folketrygdlova § 19–6 andre ledd.
- *Presisering av § 4–20 femte ledd (punkt 4.3).* Presiseringa gjer det klart at femte ledd også er meint å gjelde tredje ledd i same paragrafen.
- *Lovteknisk justering i § 8–24 tredje ledd bokstav b (punkt 4.4).* Tilvisinga til arbeidsmiljølova

§§ 12–1 til 12–6 blir erstatta med tilvising til arbeidsmiljølova §§ 12–2 til 12–5, 12–9 og 12–10.

- *Lovteknisk justering i § 8–36 (punkt 4.5).* I overskrifta blir ordet «fødselspenger» erstatta med ordet «foreldrepenger».
- *Lovteknisk justering i § 8–48 tredje ledd (punkt 4.6).* Tilvisinga til § 10–14 første ledd blir erstatta med tilvising til § 10–16 første ledd.
- *Lovteknisk justering i § 8–49 tredje ledd (punkt 4.7).* Tilvisinga til sysselsettingslova kapittel III blir erstatta med tilvising til lov om arbeidsmarkedsstenester §§ 12 og 13.
- *Femte strekpunktet i innleiinga til kapittel 9 skal ta til å gjelde (punkt 4.8).*
- *Presisering i § 15–6 fjerde ledd (punkt 4.9).* Forlenging av stønadperioden i påvente av arbeid, utdanning o.a. skal også gjelde når einslege forsørgjarar har fått forlenga overgangstønad ut skuleåret.
- *Presisering av reglane i folketrygdlova § 22–3 første ledd om refusjon til arbeidsgivarar som har utbetalt lønn under sjukdom mv. (punkt 4.10).* Det blir gjort klart at retten for arbeidsgivaren til å få arbeidstakaren sine sjukepengar o.a. utbetalt til seg, er avgrensa til det arbeidstakaren sjølv ville ha fått utbetalt.
- *Oppretting i folketrygdlova kapittel 25 (punkt 4.11).*

Endringane i arbeidsmiljølova gjeld:

- *Lovteknisk justering i § 7–1 første ledd (punkt 5.1).* Formuleringa «verne- og helsepersonalet» blir bytt med «bedriftshelsetjenesten».
- *Oppretting av lovtekst (punkt 5.2).* Endringane medfører retting av skrivefeil i §§ 7–2, 10–4, 15–3, 15–14 og 15–17.

Endringane i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd gjeld:

- *Lovtekniske justeringar i §§ 1, 3, 4 og 8 (punkt 6).* Omgrepa i lova blir endra slik at dei kjem i samsvar med anna lovgiving.

Endringane i lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjeld:

- *Presisering av reglane i § 10 for val av leiar og nestleiar til slikt felles råd som er heimla i denne lova og i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (punkt 7).*

Endringane i bidragsinnkrevjingslova gjeld:

- *Oppheving av § 37 tredje ledd om vidareføring av ei forskrift om myndigheit for Statens innkrevjingssentral ved innkrevjing av bidragsgjeld (punkt 8).* Føreseigna er overflødig ettersom

saksmassen er overført til Arbeids- og velferdsetatens innkrevjingssentral.

Endringane i lov om statstilskott til ordningar for avtalefestet pensjon gjeld:

- *Lovteknisk justering i § 5 i lov om statstilskott til ordningar om avtalefestet pensjon, slik at «Sosialdepartementet» blir erstatta ut med «departementet» (punkt 9).*

Forslaga vil ikkje ha store økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 2 Retten til pleiepengar etter folketrygdlova § 9–10 blir knytt til poliklinisk behandling i sjukehus

### 2.1 Innleiing

Departementet foreslår at retten til pleiepengar ikkje lenger berre skal vere knytt til barnet si innlegging i helseinstitusjon, men at det skal vere tilstrekkeleg at barnet er poliklinisk behandla i sjukehus.

### 2.2 Bakgrunn. Gjeldande rett

Etter folketrygdlova § 9–10 kan det ytast pleiepengar til den som har omsorg for barn under 12 år som har vore innlagt i helseinstitusjon, når barnet treng kontinuerleg tilsyn og pleie. Pleiepengar ytast frå åttande dag etter at pleiebehovet oppstod. (Dei første sju dagane blir dekkja gjennom omsorgspengar.) Pleiepengar kan også ytast etter at barnet er utskriven frå helseinstitusjonen dersom barnet treng kontinuerleg tilsyn og pleie.

Innlegging har til no vore sett som teneleg avgrensingskriterium som uttrykk for den alvorsgrad som fører til slikt pleiebehov som ein har meint skulle kunne gi rett til ytinga.

I samband med Arbeids- og sosialkomiteen si behandling av dokument nr. 8:20 (2005–2006), peika komiteen på at ei av tilbagemeldingane frå høyringsorgana var at vilkåret i folketrygdlova § 9–10 om innlegging i helseinstitusjon for rett til pleiepengar blei oppfatta som for strengt. Det blei vist til at utviklinga i behandlingsmetodar går i retning av mindre bruk av innlegging. Arbeids- og inkluderingsministeren uttalte til komiteen at han ville vurdere lovendringar med omsyn til vilkåret om innlegging, sjølv om dette ikkje var tatt opp i det private lovforslaget.

Departementet er merksam på at stadig meir medisinsk behandling skjer poliklinisk, og at det inneber at sjukdomstilfelle som tidlegare førte til at

barnet blei innlagt på sjukehus no ofte blir behandla utan innlegging. I følgje opplysningar som Arbeids- og velferdsdirektoratet har innhenta frå mellom anna regionale helseforetak, gjeld det til dømes frakturar og andre ortopediske tilfelle, astma i dårleg fase, epilepsi med mangelfull anfallskontroll, psykiske sjukdomar, langvarige infeksjonssjukdomar, revmatisk og infeksjøs artritt, vondarta sjukdomar, hjartesjukdom, medfødde misdanningar og barn med tarmlidingar som har behov for sondeernæring. Det er relativt sjeldan at sjukdomstilstander etter ambulant behandling medfører behov for pleie i heimen i lang tid. I ein del tilfelle er det likevel behov for ei rekke polikliniske kontrollar med etterfølgjande korte pleiebehov i eitt og same sjukdomstilfelle. Det er hovudsakeleg barneavdelingar, ØNH-avdelingar og ortopediske avdelingar som behandlar slike tilfelle, i tillegg til legevakt/skadepoliklinikkar. Det kan også vere tilfelle i barne- og ungdomspsykiatrien.

### 2.3 Departementet si vurdering og forslag

På bakgrunn av at fleire sjukdomstilfelle etter kvart blir behandla poliklinisk framfor ved innlegging, meiner departementet at gjeldande vilkår i folketrygdlova § 9–10 om innlegging i helseinstitusjon ikkje gir ei rett avgrensing av dei tilfella ein tidlegare har lagt til grunn at det er behov for å yte pleiepengar. Vilkåret om innlegging gir ikkje rett til pleiepengar etter folketrygdlova § 9–10 i mellom anna sjukdomstilfelle som nemnt i punkt 2.2, sjølv om barnet etter behandlinga/inngrepet framleis har behov for kontinuerleg tilsyn og pleie i ein periode. Graden av funksjonssvikt, og ikkje innlegging eller sjukdomsdiagnosen aleine, vil vere avgjerande for om barnet har behov for pleie i heimen.

Departementet foreslår derfor at folketrygdlova § 9–10 blir endra slik at ikkje berre innlegging i helseinstitusjon kan utløyse rett til pleiepengar, men også poliklinisk behandling i sjukehus. Ein meiner at det gir ei avgrensing som vil omfatte den målgruppa som ein tidlegare har lagt til grunn skulle vere omfatta av retten til pleiepengar, men som no på grunn av medisinsk utvikling ikkje fyller kravet til innlegging. Departementet understrekar at tilfella som er nemnt over i punkt 2.2 ikkje gir ei uttømmende liste over dei tilfella som skal kunne gi rett til pleiepengar ved poliklinisk behandling. Ein viser til lovforslaget.

### 2.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Ordninga som gjeld i dag har for åra 2004 og 2005 medført vel eitt tusen pleiepengetilfelle etter folke-

trygdlova § 9–10 for kvart av åra, med rekneskapsført beløp på 22.5 og 25 millionar kroner. I ein del tilfelle dekkjer eigenmeldingsdagar (omsorgspengar) opp for foreldra sitt fråvær når barn har eit særleg pleiebehov. Når retten til omsorgspengar er «brukt opp», er det Arbeids- og velferdsforvaltninga si erfaring at det ikkje sjeldan hender at ein av foreldra sjukmelder seg når sjuke barn har særleg behov for pleie i heimen. Ordninga kan også virke i retning av at sjukehusa i ein del tilfelle vil kunne føle seg pressa til å legge inn barnet for å sikre foreldra rett til pleiepengar.

Ved å gi rett til pleiepengar også på bakgrunn av pleiebehov som oppstår i samband med poliklinisk behandling i sjukehus, vil ein i nokon grad kunne motverke at foreldre blir sjukmeldte og at det skjer unødvendige innleggingar. Ein konsekvens av at posteringar blir endra frå foreldra si sjukmelding til pleiepengar for barna vil vere ein noko høgare kostnad for Arbeids- og velferdsforvaltninga, idet folketrygdlova § 9–10 dekkjer kostnader frå åttande dagen, mens det offentlege gir refusjon for sjukepengar frå 17. dagen.

Det er ei rekke sjukdomsdiagnosar og behandlingsformer som kan utløyse behov for pleie i heimen etter poliklinisk behandling. Pleiebehovet i kvar enkelt sak vil gå fram etter ei heilskapleg vurdering av barnets funksjon. Det har ikkje vore mulig å skaffe fram tal for å berekne kostnad ved å gi rett til pleiepengar også berre ved poliklinisk behandling. Det er likevel grunnlag for å tru at dei aller fleste aktuelle tilfella vil føre til relativt kortvarige pleieperiodar og at ei slik endring av folketrygdlova § 9–10 ikkje vil gi store meirutgifter.

Ein foreslår at endringa tar til å gjelde straks.

## 3 Utviding av retten til attføringspengar under sjukdom i attføringsperioden

### 3.1 Innleiing

Departementet foreslår at retten til attføringspengar i fire veker under forbigåande sjukdom mens ein er under yrkesretta attføring utvidast med ein skjønnsmessig heimel til å gi attføringspengar i ytterlegare fire veker.

### 3.2 Bakgrunn. Gjeldande rett

Etter folketrygdlova § 11–14 første ledd kan ein gi attføringspengar i ein avgrensa periode i samband med forbigåande sjukdom. Regelen gjer at ein vil kunne gjennomføre lengre attføring som planlagt

utan unødige fram- og tilbakesending mellom ulike trygdeytningar. Regelen sikrar også økonomisk dekning ved kortvarig sjukdom for ei gruppe der mange har brukt opp sin rett til sjukepengar før yrkesretta attføring blei gitt.

Satsinga på å gripe tidleg inn under sjukdom og parallell bistand til behandling og arbeidsretta aktivitetar, har medført at det oppstår fleire tilfelle med sjukdom under attføringa. Arbeids- og velferdsetaten melder om behov for å kunne yte attføringspen- gar i ein noko lengre periode enn fire veker. Grensa på fire veker i nøgjedande regelverk gjer det nød- vendig for Arbeids- og velferdsetaten å stanse attfø- ringsytningane, vurdere krav om rehabiliteringspen- gar, for så å behandle nytt krav om attføringsytin- gar på eit litt seinare tidspunkt. Når det er klart at den planlagde attføringa vil kunne gjennomførast etter det kortvarige sjukdomsavbrotet, er grensa i dag på fire veker lite teneleg. Dette svekker fokus og motivasjon hos brukaren, er samfunnsøkon- omisk ulønnsamt og administrativt ressurskrevjan- de. Det er derfor behov for endringer som gjer det muleg med større grad av individuell tilpassing.

### 3.3 Departementet si vurdering og forslag

Departementet meiner at det er behov for større fleksibilitet og individuell tilpassing og at ein best kan gjere dette ved å opne for at ein skjønsmessig kan få attføringsytningar under sjukdom i ytterlega- re fire veker. Departementet foreslår derfor at § 11–14 første ledd blir endra i tråd med dette. Det skal framleis vere ein føresetnad at sjukdomssitua- sjonen er forbigåande og at planlagt attføring kan gjennomførast etter sjukdomsavbrotet. Ein viser til lovforslaget.

### 3.4 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa er ei naturleg og nødvendig tilpassing for å understøtte målet om tidleg inngrep. Sjølv om konsekvensane av avbrot er stor for den enkelte brukar, er talet på saker der ei slik forlenging blir aktuell likevel avgrensa. Forslaget vil derfor ikkje føre til vesentlege meir- eller mindrekostnader for forbruket av attførings- og rehabiliteringspengar samla sett, og ein foreslår at endringa tar til å gjelde straks.

## 4 Presiseringar og lovtekniske justeringar i folketrygdlova

### 4.1 Lovteknisk justering i § 2–9 fjerde ledd andre punktum

Folketrygdlova § 2–9 fjerde ledd omhandlar sjuke- pengedekning til personar som er frivillig trygda et- ter folketrygdlova § 2–8. I føresegna står det at sju- kepengar frå trygda ikkje kan bli utbetalt dei første 14 dagane etter at vedkommande blei arbeidsufør. Arbeidsgivarperioden blei utvida til 16 dagar frå 1. april 1998, men ved ein inkurie er § 2–9 fjerde ledd ikkje justert i samsvar med denne endringa.

Departementet foreslår at dette blir gjort ved at talet 14 blir bytta ut med talet 16 i § 2–9 fjerde ledd andre setning.

Endringa har ingen økonomiske eller admini- strative konsekvensar, og ein foreslår at endringa tar til gjelde straks.

### 4.2 Oppheving av reglane om pensjonsgivande inntekt frå føretak – folketrygdlova § 3–15 fjerde ledd og § 19–6 andre ledd

Folketrygdlova § 3–15 fjerde ledd gir reglar om fastsetting av pensjonsgivande inntekt for personar som får ytingar frå folketrygda som blir påverka av inntekt. Reglane gir heimel til å sette ned pensjons- givande inntekt for aktive eigarar i selskap i rela- sjon til inntektsprøvinga av dei aktuelle ytingane (uførepensjon o.a.). Dette gjeld når det er eit ve- sentleg misforhold mellom tilrekna personinntekt eller godtgjering for arbeid og normal lønn for til- svarande arbeidsinnsats.

Regelen har bakgrunn i den såkalla delingsmo- dell, som er oppheva frå og med 2006. Delings- modellen er erstatta med skjermingsmetoden, som medfører at det ikkje lenger blir rekna personinn- tekt for aktive deltakarar i selskap, jf. Ot.prp. nr. 92 (2004–2005) kapittel 1 og 2 og Ot.prp. nr. 1 for sa- me året kapittel 5. Etter skjermingsmetoden blir personinntekt og pensjonsgivande inntekt for akti- ve deltakarar i selskap fastsett gjennom uttak av lønn/særskilt godtgjering for arbeid, og ikkje and- re måtar i tillegg. Det at personinntekt berre blir fastsett ved lønnsuttak o.a. frå selskap, gjer at regla- ne i folketrygdlova § 3–15 fjerde ledd ikkje lenger kan brukast for deltakarar i selskap. Departementet foreslår derfor at leddet blir oppheva.

Folketrygdlova § 19–6 andre ledd andre punk- tum har denne ordlyden:

«For året etter at pensjonisten avsluttet sitt ar- beid eller sin virksomhet helt, skal pensjonen

ikke reduseres på grunnlag av pensjonsgivende inntekt som stammer fra arbeidet eller virksomheten, herunder eierinntekt fra aksjeselskap som pensjonisten ikke lenger er aktiv eier i.»

Bortfallet av delingsmodellen medfører mellom anna at det berre vil vere aktuelt å fastsette pensjonsgivande inntekt for deltakarar i aksjeselskap for år dei har vore aktive i selskapet. Passusen «herunder eierinntekt fra aksjeselskap som pensjonisten ikke lenger er aktiv eier i» er på bakgrunn av dette unødvendig, og ein foreslår at passusen blir tatt ut. Det er likevel framleis aktuelt å bruke regelen i den siterte setninga i høve til feriepengar som blir utbetalt i kalenderåret etter oppteningsåret.

Departementet viser til lovforslaget. Endringane, som ein foreslår skal tre i kraft straks, har ingen administrative eller økonomiske konsekvensar.

#### 4.3 Presisering av § 4–20 femte ledd

Ved lovendring 17. juni 2005 nr. 57 fikk folketrygdlova § 4–20 eit nytt fjerde ledd som innebar ei lemping av sanksjonar knytt til tidsavgrensa bortfall av yting ved at ein unngjekk å møte opp hos (daverande) Aetat. Endringa innebar at bortfall av ei yting blei redusert frå åtte til fire veker. Nytt femte ledd stiller vilkår om at det som følgje av dei tidlegare forholda må ha vore gjort vedtak om tidsavgrensa bortfall av dagpengar etter denne paragrafen eller vedtak om forlenga ventetid etter § 4–10. Første ledd viser derimot ikkje til tredje ledd. Resultatet er at vilkåret i femte ledd tilsynelatande berre gjeld for fjerde ledd og ikkje for utmåling av sanksjonen ved forhold etter første ledd bokstav a-d. Nytt femte ledd seier heller ikkje noko om man kan auke lengda på sanksjonen dersom det skulle vere brot på reglane både for forhold etter første ledd bokstav a-d og bokstav e. Departementet foreslår ei tilvising til tredje ledd bokstav b og c i føreseigna sitt femte ledd. Ein viser til lovforslaget.

Presiseringa har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar, og ein foreslår at endringa trer i kraft straks.

#### 4.4 Lovteknisk justering i § 8–24 tredje ledd bokstav b

Ein arbeidstakar har rett til sjukepengar i arbeidsgivarperioden på grunnlag av eigenmelding etter nærmare reglar. Dersom arbeidsforholdet blir avbrote i meir enn to veker, kan eigenmelding først nyttast etter at arbeidstakaren igjen har vore i arbeid i to månader. Føreseigna i § 8–24 tredje ledd gir unntak i visse tilfelle, mellom anna gjeld det permisjon etter arbeidsmiljølova kapittel 12.

Tilvisinga i § 8–24 tredje ledd bokstav b til permisjon etter arbeidsmiljølova §§ 12–1 til 12–6 er ikkje i samsvar med føresegnene som gir rett til permisjon etter kapittel 12 i arbeidsmiljølova. Departementet foreslår at tilvisinga i § 8–24 tredje ledd bokstav b blir endra til arbeidsmiljølova §§ 12–2, 12–3, 12–4, 12–5 og 12–9, 12–10.

Forslaget har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

#### 4.5 Lovteknisk justering i overskrifta til § 8–36

Føreseigna i § 8–36 gir reglar om sjølvstendig næringsdrivande sin rett til å teikne tilleggssforsikring for å få betre sjukepengedekning. Føreseigna omfattar også foreldrepengar som blir utrekna etter dei same reglane som sjukepengar frå folketrygda. Omgrepet «fødselspengar» i overskrifta til § 8–36 blei ikkje endra samtidig med at omgrepet «foreldrepengar» blei innført til erstatning for omgrepa fødselspengar og adopsjonspengar frå 1. januar 2007 i folketrygdlova kapittel 14 om ytingar ved svangerskap, fødsel og adopsjon. Departementet foreslår at omgrepet «fødselspengar» i overskrifta til § 8–36 blir endra til «foreldrepengar».

Forslaget har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

#### 4.6 Lovteknisk justering i § 8–48 tredje ledd

Etter føreseigna i § 8–48 tredje ledd skal den som fyller vilkåra for sjukepengar og for rehabiliteringspengar samtidig ha rett til høgste yting. Tilsvarende regel er gitt i § 10–16 første ledd. Tilvisinga til § 10–14 første ledd i folketrygdlova § 8–48 tredje ledd er feil og skal bli erstatta med § 10–16 første ledd.

Forslaget har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

#### 4.7 Lovteknisk justering i § 8–49 tredje ledd

Føreseigna i § 8–49 tredje ledd omhandlar rett til sjukepengar til personar som mottar stønad under arbeidsmarknadsopplæring. Føreseigna viser til lov 27. juni 1947 nr. 9 om tiltak til å fremme sysselsetting, kapittel III. Denne lova er no erstatta av arbeidsmarknadslova. Departementet foreslår at tilvisinga blir erstatta med ei tilvising til lov 10. desember 2004 nr. 76 om arbeidsmarknedstjenester §§ 12 og 13. Ein viser til lovforslaget.

Forslaget har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

#### **4.8 Lovteknisk justering i innleiinga til folketrygdlova kapittel 9**

Ved lov 16. desember 2005 nr. 119 blei det innført ein ny § 9–11 a om graderte pleiepengar. Samtidig fikk innleiinga til kapittel 9 eit nytt femte strekpunkt med ei tilvising til den nye føresegna. Ved ein feil blei ikkje sistnemnde endring satt i kraft samtidig med føresegna. Departementet foreslår at dette blir gjort og at det setjast i kraft straks.

#### **4.9 Presisering i § 15–6 fjerde ledd om at forlenging av stønadperioden i påvente av arbeid, utdanning o.a. også skal gjelde når einslege forsørgjarar har fått forlenga overgangstønad ut skuleåret**

Einslege forsørgjarar under nødvendig utdanning fikk frå 1. januar 2003 rett til overgangsstønad ut påbegynt skuleår, sjå § 15–6 fjerde ledd første punktum. Det var også den gongen heimel i § 15–6 fjerde ledd til å gi overgangstønad i opptil seks månader i påvente av skulestart, eit konkret arbeid eller barnetilsyn og dei første seks månadene etter at vedkommande hadde meldt seg som arbeidssøkar hos Arbeids- og velferdsetaten. Ei slik forlenging av stønadperioden var det høve til å gi umiddelbart etter overgangstønad som blei yta etter andre og tredje ledd. Ved ei forgløyming blei det ved ovannemnde lovendring i første punktum fjerde ledd ikkje gitt heimel til å forlenge stønadperioden til forsørgjarar som har fått forlenga tida med overgangstønad ut skuleåret. Det var aldri meininga at desse ikkje skulle vere omfatta av reglane om forlenging i fjerde ledd andre og tredje punktum. Reglane har heller ikkje vore praktisert slik.

Departementet foreslår at § 15–6 fjerde ledd siste punktum blir endra slik at det gis heimel til å forlenge stønadperioden i påvente av arbeid, utdanning mv. også når forsørgjaren har fått forlenga stønadperioden ut skuleåret. Ein viser til lovforslaget.

Endringa har ingen økonomiske og administrative konsekvensar, og ein foreslår at ho trer i kraft straks.

#### **4.10 Presisering av føresegna i folketrygdlova § 22–3 første ledd om refusjon til arbeidsgivarar som har utbetalt lønn under sjukdom oa.**

Etter folketrygdlova § 22–3 første ledd kan ein arbeidsgivar som gir full lønn under sjukdom eller fødselspermisjon, krevje å få ytingane utbetalte til seg. Arbeidsgivaren sitt krav om refusjon blir satt fram i samband med innsendinga av inntekts- og skatteopplysnings skjemaet for arbeidstakaren.

Etter fast praksis i etaten er arbeidsgivaren sitt krav på refusjon avgrensa til det arbeidstakaren har krav på å få utbetalt frå trygda. For å få ei yting frå folketrygda må den som har rett til ytinga sette fram krav, og arbeidsgivaren sitt refusjonskrav kan bli avgrensa fordi arbeidstakaren er for sein med å sette fram kravet. Reglane om fremming av krav og avgrensingar i retten når kravet blir satt fram for seint, går fram av folketrygdlova § 22–13.

I mars 2006 gjorde Rikstrygdeverket departementet merksam på at Trygderetten i ei avgjerd av 13. mai 2005 hadde lagt til grunn ei tolking av reglane som ikkje var i samsvar med praksis og etter Rikstrygdeverket si meining heller ikkje med intensjonen bak reglane. I avgjerda går det fram at retten meiner at arbeidsgivaren har eit sjølvstendig krav, utan omsyn til når medlemmet setter fram *sitt* krav. Dette synet kan knapt reknast for å vere i samsvar med ordlyden i føresegna, som seier at det arbeidsgivaren kan få utbetalt til seg, er ytinga til *arbeidstakaren*. I noko mon kan det gi rom for tvil at § 22–3 første ledd refererer til den ytinga som arbeidstakaren «har rett til». Ein kan eventuelt forstå dette som den ytinga arbeidstakaren *i prinsippet* kan få utbetalt dersom kravet blir sett fram i rett tid. Det er likevel ikkje noko som taler for at arbeidsgivaren skulle kunne få utbetalt til dømes foreldrepengear for ein lengre periode enn arbeidstakaren.

Det er her viktig å vere merksam på at folketrygdlova § 22–3 ikkje er ein paragraf som etablerer sjølvstendig rett til ytingar. Paragrafen etablerer berre eit unntak frå regelen om at ei yting skal utbetalast til den som har rett til henne. Dette går greitt nok fram av plasseringa i kapittel 22 Utbetaling.

På bakgrunn av dette meiner departementet at lova bør presiserast for å unngå tolkingar i strid med intensjonen med reglane, som er å sikre at arbeidsgivarar som gir full lønn i dei aktuelle periodane, kan få utbetalt til seg dei ytingane (foreldrepengear eller sjukepengear o.a.) som arbeidstakaren konkret har krav på etter lova når ein tar omsyn til reglane i § 22–13 om fristar for å sette fram krav o.a. Det skulle ikkje vere vanskeleg for arbeidsgivaren å syte for at arbeidstakaren kjem med kravet i rett

tid. Tilhøvet er òg nemnd i informasjonen som arbeidsgivarar får i slike saker.

Departementet foreslår etter dette ei presisering i eit nytt andre punktum i folketrygdlova § 22–3 første ledd om at utbetalt beløp ikkje kan vere høgare enn den ytinga som medlemmet kunne ha fått utbetalt når ein tar omsyn til reglane i § 22–13. Departementet viser til lovforslaget.

Refusjonskravet til ein arbeidsgivar kan i tillegg vere avgrensa av regelen i lova § 22–13 femte ledd om at refusjon berre blir gitt for inntil tre månader før refusjonskravet blei sett fram.

Departementet viser til lovforslaget.

Endringa blir foreslått å tre i kraft straks og har ikkje administrative eller økonomiske konsekvensar.

#### 4.11 Oppretting i folketrygdlova kapittel 25

Lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen (i kraft frå 1. juli 2006) førte mellom anna til at ein oppheva folketrygdlova § 21–9 om teieplikt. Innhaldet blei innarbeidd i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 7. Ved ein feil blei ein referanse i folketrygdlova § 25–1 til § 21–9 ikkje retta opp. Departementet foreslår derfor at referansen til § 21–9 i § 25–1 fjerde ledd fjerde punktum blir endra til å gjelde arbeids- og velferdsforvaltningslova § 7.

Arbids- og velferdsforvaltningslova medførte òg oppheving av folketrygdlova § 25–10 og § 25–10 a. Innhaldet blei innarbeidd i den førstnemnde lova § 8. I strekpunkta i innleiinga til folketrygdlova kapittel 25 blir det likevel framleis vist til §§ 25–10 og 25–10 a. Departementet foreslår at dette blir retta opp og viser til lovforslaget.

Endringane blir foreslått å tre i kraft straks. Dei har ikkje administrative eller økonomiske konsekvensar.

## 5 Lovteknisk justering og oppretting i arbeidsmiljølova

### 5.1 Lovteknisk justering i § 7–1 første ledd

På bakgrunn av Ot.prp. nr. 91 (2005–2006) vedtok Stortinget 7. desember 2006 endring i arbeidsmiljølova § 7–1 fjerde ledd. Endringa innebar at formuleringa «verne- og helsepersonalet» blei erstatta med «bedriftshelsetjenesten», jf. punkt 3.5 i proposisjonen. Det går fram av proposisjonen at bakgrunnen for endringa var at Arbeidstilsynet i høringsfråsegna si hadde vist til at § 7–1 fjerde ledd brukte formuleringa «verne- og helsepersonalet» der lova

elles brukte formuleringa «bedriftshelsetjenesten». Departementet viser til at det i denne samanhengen blei oversett at den same formuleringa blir brukt i § 7–1 første ledd. Departementet foreslår derfor at formuleringa «verne- og helsepersonalet» blir erstatta med «bedriftshelsetjenesten» i § 7–1 første ledd.

Departementet viser til lovforslaget.

Forslaget har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar, og departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

### 5.2 Opprettingar

Departementet har blitt merksam på nokre skrivefeil i arbeidsmiljølova.

I § 7–2 femte ledd fjerde punktum manglar bokstaven «r» i ordet «finner».

I § 10–4 fjerde ledd første setning manglar ein «i» etter formuleringa «må ikke overstige ni timer...».

I § 15–3 tiande ledd andre punktum er «oppsigelsesfrist» feilskreven.

I § 15–14 tredje ledd første punktum skal det stå «påstand» og ikkje «påstanden».

I § 15–17 første punktum skal det stå «Bestemmelene» og ikkje «Bestemmelsen».

Departementet foreslår endringer for å rette feila og viser til lovforslaget.

Endringane har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar, og ein foreslår at dei trer i kraft straks.

## 6 Lovteknisk justering i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 1 andre ledd, § 3, § 4 tredje ledd og § 8 tredje ledd

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 1 andre ledd viser til «bydelar», «bydelsutval» og «bydelsutvala». Lov om kommuner og fylkeskommuner bruker omgrepa «kommunedel» og «kommunedelsutvalg». Departementet foreslår at omgrepa blir endra slik at dei er i samsvar med kommunelova.

Ved ein inkurie er det blitt ein skrivefeil i overskrifta til § 3. Departementet foreslår at «oppgåvane» i overskrifta blir endra til «oppgåvene».

I § 4 tredje ledd blir det vist til «kommunestyrelova om kommunale nemnder». Denne lova er oppheva, og er frå 1. januar 1993 avløyst av lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner. Ein foreslår derfor at tilvisinga i § 4 tredje

ledd blir endra til «lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner».

I § 8 tredje ledd blir det vist til «fylkeskommunelova om fylkeskommunale nemnder». Denne lova er oppheva, og er frå 1. januar 1993 avløyst av lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner. Ein foreslår derfor at tilvisinga i § 8 tredje ledd blir endra til «lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner».

Departementet viser til lovforslaga.

Endringane har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar, og ein foreslår at dei trer i kraft straks.

## **7 Presisering av reglane for val av leiar og nestleiar i felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne**

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd og lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. har ulike reglar om oppnemning av leiar og nestleiar i råda. Mens eldreråda sjølv peiker ut leiar og nestleiar, oppnemnar kommunestyret leiar og nestleiar for råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Begge lovene gir heimel til felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Det kjem ikkje klart fram av §§ 4 a og 8 a i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd at det er reglane i lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. som skal følgjast ved val av leiar og nestleiar til slike felles råd.

For å forhindre eventuell uklarleik rundt val av leiar og nestleiar i slike felles råd, foreslår departementet derfor at § 10 i lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. blir endra slik at det blir presisert i § 4 a og § 8 a i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd at leiaren og nestleiaren for felles råd blir nemnt opp av kommunestyret.

I § 8 a er omgrepet «funksjonshemming» brukt i første setning, mens ein elles i føresegnene bruker omgrepet «nedsett funksjonsevne». Departementet foreslår at dette blir endra slik at ein bruker omgrepet «nedsett funksjonsevne» i føresegna si første setning.

Med unntak av §§ 4 a og 8 a, er det overskrifter til alle føresegner i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd. Departementet foreslår der-

for at det blir fastsett overskrifter til ny §§ 4 a og 8 a. Ein viser til lovforslaget.

Endringane har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar. Endringane trer i kraft straks, men får først verknad når lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. trer i kraft.

## **8 Oppheving av bidragsinnkrevjingslova § 37 tredje ledd om vidareføring av ei forskrift om myndigheit for Statens innkrevjingssentral ved innkrevjing av bidragsgjeld**

Etter bidragsinnkrevjingslova § 37 tredje ledd fører ein vidare forskrift 18. juni 1993 nr. 543 om avgjørelsesmyndighet mv. for Statens innkrevjingssentral i saker om innkreving av underholdsbidrag. Dette blei tatt inn i lova fordi det ikkje blei sett som aktuelt å etablere heimel for tilsvarende forskrifter, mens det på den annan side blei lagt til grunn at dei aktuelle sakene framleis skulle innkrevjast av Statens innkrevjingssentral.

Det viste seg likevel i praksis muleg å føre sakene tilbake til Arbeids- og velferdsetatens innkrevjingssentral, og dette blei gjennomført ved endringsforskrift 16. desember 2005 nr. 1492, likevel slik at Statens innkrevjingssentral skulle fullføre behandlinga av klagesaker som allereie var i gang. Desse klagesakene er nå avslutta, slik at all behandling av sakene skjer ved Arbeids- og velferdsetatens innkrevjingssentral.

På denne bakgrunn foreslår ein at bidragsinnkrevjingslova § 37 tredje ledd blir oppheva. Ein viser til lovforslaget.

Endringa, som ein foreslår skal tre i kraft straks, har ingen administrative eller økonomiske konsekvensar.

## **9 Lovteknisk justering i lov 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordninger for avtalefestet pensjon**

Etter § 5 i lov 23. desember 1988 nr 110 om statstilskott til ordninger for avtalefestet pensjon, skal vedtektene for AFP-ordningar bli godkjend av «Sosialdepartementet». Myndigheita til å godkjenne vedtektene ligg no til Arbeids- og inkluderingsdeparte-

mentet, slik at lova bør bli retta opp i forhold til dette. Det synes da teneleg ikkje å ta namnet på departementet inn i lova, men å legge myndigheita til «departementet», slik det er vanleg elles i samband med heimel til å gi forskrifter o.a. Ein foreslår at lova blir endra i samsvar med dette. Departementet viser til lovforslaget.

Endringane, som ein foreslår skal tre i kraft straks, har ingen administrative eller økonomiske konsekvensar.

## 10 Merknader til dei enkelte paragrafane

### 10.1 Endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd

#### *Til § 2–9 fjerde ledd andre setning*

Føreseгна blir endra slik at den blir i samsvar med føreseгна i folketrygdlova § 8–19 første ledd om at sjukepengar frå folketrygda blir utbetalt frå den 17. dagen med fråvær. Ein viser til punkt 4.1.

#### *Til § 3–15 fjerde ledd*

Reglane i noverande fjerde ledd er blitt overflødige som følgje av endringer i skattelovgivinga og blir derfor foreslått oppheva. Ein viser til punkt 4.2.

Noverande femte, sjette og sjuande ledd blir nye fjerde, femte og sjette ledd.

#### *Til § 4–20 femte ledd*

Presiseringa gjer det klart at femte ledd også er meint å gjelde føreseгна sitt tredje ledd. Ein viser til punkt 4.3.

#### *Til § 8–24 tredje ledd bokstav b*

Tilvisinga til permisjonsreglane i arbeidsmiljølova kapittel 12 er endra slik at ein viser til riktige føreseгна i kapittel 12. Ein viser til punkt 4.4.

#### *Til § 8–36*

I overskrifta til føreseгна er omgrepet «fødselspenge» erstatta med omgrepet «foreldrepenger». Ein viser til punkt 4.5.

#### *Til § 8–48 tredje ledd*

Ein person som fyller vilkåra for sjukepengar og rehabiliteringspengar samtidig, har rett til å få utbetalt høgste yting. Tilvisinga til § 10–14 er feil og er erstatta med § 10–16. Ein viser til punkt 4.6.

#### *Til § 8–49 tredje ledd*

Tilvisinga til lov 27. juni 1947 nr. 9 om tiltak til å fremme sysselsetting er erstatta med arbeidsmarknadslova. Ein viser til punkt 4.7.

#### *Til innleiinga til kapittel 9*

Femte strekpunktet er ikkje sett i kraft, og ein foreslår at dette blir sett i kraft straks. Ein viser til punkt 4.8.

#### *Til § 9–10 første ledd første punktum*

Lovforslaget gir rett til pleiepengar ikkje berre der pleiebehovet oppstår i samband med innlegging i helseinstitusjon, men også ved poliklinisk behandling i sjukehus. Ein viser til punkt 2.

#### *Til § 11–14 første ledd*

Føreseгна regulerer at retten til, og utbetaling av, attføringsytingar i regelen oppretthaldast ved avbrot som følgje av sjukdom i inntil fire veker. I *nytt andre punktum* er tatt inn at perioden skjønnsmessig kan bli forlenga i ytterlegare fire veker. Det er ein føresetnad at sjukdomssituasjonen er forbigående/tidsavgrensa og at planlagt attføring på tross av avbrotet kan skje som planlagt, utan utsetjing. Ein viser til punkt 3.

#### *Til § 15–6 fjerde ledd siste punktum*

Lovforslaget gir heimel for å gi overgangsstonad i opptil seks månader i påvente av skulestart, eit konkret arbeid o.a. når forsørgjaren har fått forlenga stonadsperioden ut skuleåret. Ein viser til punkt 4.9.

#### *Til § 19–6 andre ledd*

Tilvisinga til tidlegare aktive deltakarakar i aksjeselskap i føreseгна sitt andre punktum blir foreslått fjerna som overflødig. Ein viser til merknaden til folketrygdlova § 3–15 fjerde ledd og til punkt 4.2.

#### *Til § 22–3 første ledd*

Tilføyinga av et *nytt andre punktum* i leddet tar sikte på å presisere at det arbeidsgivar kan krevje utbetalt etter føreseгна er den ytinga arbeidstakaren konkret kan få utbetalt etter lova når det er tatt omsyn også til reglane om fristar for framsetting av krav o.a. Ein viser til punkt 4.10.

*Til folketrygdlova si innleiing til kapittel 25*

Ein viser til punkt 4.11.

*Til folketrygdlova § 25–1*

Ein viser til punkt 4.11.

### **10.2 Endringer i lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.**

*Til § 7–1 første ledd*

Uttrykket «verne- og helsepersonalet» er erstatta med «bedriftshelsetjenesten» som er det som blir brukt i lova elles, jf. mellom anna § 7–1 fjerde ledd. Ein viser til punkt 5.1.

*Til § 7–2 femte ledd*

Ein skrivefeil i fjerde punktum er oppretta. Ein viser til lovforslaget.

*Til § 10–4 fjerde ledd*

Ordlyden er oppretta ved at den manglande preposisjonen «i» er tatt inn.

*Til § 15–3 tiande ledd*

Ein skrivefeil i andre punktum er oppretta. Ein viser til lovforslaget.

*Til § 15–14 fjerde ledd*

Ein feil i første punktum er oppretta. Ein viser til lovforslaget.

*Til § 15–17*

Ein feil i første punktum er oppretta. Ein viser til lovforslaget.

### **10.3 Endringer i lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd**

*Til § 1 andre ledd*

Endringane er berre ei lovteknisk justering for at bruken av omgrepa skal bli i samsvar med omgrepa som er brukt i kommunelova.

*Til § 3*

Endringane er berre ei lovteknisk justering.

*Til § 4 tredje ledd*

Endringane er berre ei lovteknisk justering for at bruken av omgrepa skal bli i samsvar med omgrepa som er brukt i kommunelova.

*Til § 8 tredje ledd*

Endringane er berre ei lovteknisk justering for at bruken av omgrepa skal bli i samsvar med omgrepa som er brukt i kommunelova.

### **10.4 Endringer i lov 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.**

*Til § 10*

Det er ikkje gjort materielle endringer i føresegna. Endringa er ei lovteknisk justering samt ei presisering av gjeldande rett.

### **10.5 Endringer i lov 29. april 2005 nr. 20 om innkreving av underholdsbidrag mv.**

*Til § 37 tredje ledd*

Ein viser til punkt 8.

### **10.6 Endringer i lov 23. desember 1988 nr 110 om statstilskott til ordninger for avtalefestet pensjon**

*Til § 5 i lov om statstilskott til ordninger for avtalefestet pensjon*

Ein viser til punkt 9.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover.

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover

#### I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) gjer ein følgjande endringar:

§ 2–9 fjerde ledd andre punktum skal lyde:  
Det ytes ikke sykepenger i de første 16 dagene etter at vedkommende ble arbeidsufør.

§ 3–15 fjerde ledd blir oppheva.

§ 3–15 noverande femte, sjette og sjuande ledd blir nye fjerde, femte og sjette ledd.

§ 4–20 femte ledd skal lyde:  
For at det skal kunne fastsettes tidsbegrenset bortfall av dagpenger *etter tredje ledd bokstav b eller c eller* etter fjerde ledd bokstav b eller c, må det som følge av de tidligere forholdene ha vært gjort vedtak om tidsbegrenset bortfall av dagpenger etter denne paragraf eller vedtak om forlenget ventetid etter § 4–10.

§ 8–24 tredje ledd skal lyde:  
Egenmelding kan likevel nyttas når vedkommende har vært i arbeid i fire uker etter avbruddet, dersom avbruddet skyldtes

- a) bedriftspermuttering
- b) permisjon etter arbeidsmiljøloven §§ 12–2, 12–3, 12–4, 12–5, 12–9 og 12–10.
- c) permisjon etter sjømannsloven § 13, eller
- d) militær- eller siviltjeneste.

Overskrifta til § 8–36 skal lyde:  
Forsikring for tillegg til sykepenger og foreldrepenger mv.

§ 8–48 tredje ledd skal lyde:

Den som samtidig fyller vilkårene for sykepenger og for rehabiliteringspenger, har rett til den høyeste av ytelsene, se § 10–16 første ledd.

§ 8–49 tredje ledd skal lyde:

Til et medlem som mottar stønad under arbeidsmarkedsopplæring etter lov 10. desember 2004 nr. 76 om arbeidsmarkeds tjenester §§ 12 og 13, og som fyller kravet til minste arbeidsinntekt i § 4–4, ytes det sykepenger fra og med dagen etter at kursstønad opphører.

§ 9–10 første ledd første punktum skal lyde:

Til et medlem som har omsorg for barn under 12 år som er eller har vært innlagt i helseinstitusjon *eller er behandlet poliklinisk i sykehus*, ytes det pleiepenger hvis barnet trenger kontinuerlig tilsyn og pleie.

§ 11–14 første ledd skal lyde:

Ved avbrudd i attføringsperioden på grunn av sykdom vil retten til attføringsytelser opprettholdes i inntil fire uker dersom den planlagte attføringen likevel kan gjennomføres som forutsatt. *I særlige tilfeller kan Arbeids- og velferdsetaten godkjenne at attføringsytelsene skal kunne opprettholdes i ytterligere fire uker.*

§ 15–6 fjerde ledd fjerde punktum skal lyde:

Stønad etter dette leddet gis umiddelbart etter et tidsrom med overgangsstønad etter andre og tredje ledd *og etter første punktum i dette leddet*, likevel slik at stønaden ikke stanses når det yngste barnet fyller åtte år.

§ 19–6 andre ledd andre punktum skal lyde:

For året etter at pensjonisten avsluttet sitt arbeid eller sin virksomhet helt, skal pensjonen ikke reduseres på grunnlag av pensjongivende inntekt som stammer fra arbeidet eller *virksomheten*.

§ 22–3 første ledd skal lyde:

En arbeidsgiver som betaler full lønn for et tidsrom da medlemmet har rett til en ytelse som skal sikre inntekt etter kapittel 8, 9 eller 14, kan kreve å få ytelsen utbetalt til seg. *Utbetalt beløp kan ikke overstige den ytelse som medlemmet kunne ha fått utbetalt når hensyn tas også til reglene i § 22–13. Tilsvarende kan arbeidsgiver som forskutterer reisetilskott for å dekke nødvendige ekstra transportutgifter etter § 8–14, kreve reisetilskottet utbetalt til seg.*

I innleiinga til kapittel 25 skal strekpunkta 10 og 11 opphevast.

§ 25–1 fjerde ledd fjerde punktum skal lyde:

Departementet kan også bestemme at andre offentlige myndigheter enn nevnt i tredje ledd og private personer kan få opplysninger fra registrene uten hinder av taushetsplikten i *arbeids- og velferdsforvaltningsloven § 7*.

## II

I lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. gjer ein følgjande endringar:

§ 7–1 første ledd skal lyde:

(1) I virksomhet hvor det jevnlig sysselsettes minst 50 arbeidstakere, skal det vere arbeidsmiljøutvalg, der arbeidsgiveren, arbeidstakerne og *bedriftshelse-tjenesten* er representert. Arbeidsmiljøutvalg skal opprettes også i virksomhet med mellom 20 og 50 arbeidstakere, når en av partene ved virksomheten krever det. Der arbeidsforholdene tilsier det, kan Arbeidstilsynet bestemme at det skal opprettes arbeidsmiljøutvalg i virksomhet med færre enn 50 arbeidstakere.

§ 7–2 femte ledd fjerde punktum skal lyde:

Hvis arbeidsgiveren ikke *finner* å kunne gjennomføre utvalgets vedtak, skal spørsmålet uten ugrunnet opphold forelegges for Arbeidstilsynet til avgjørelse.

§ 10–4 fjerde ledd skal lyde:

(4) Den alminnelige arbeidstid må ikke overstige ni timer i løpet av 24 timer og 38 timer i løpet av sju dager for:

a) døgnkontinuerlig skiftarbeid og sammenlignbart turnusarbeid,

b) arbeid på to skift som regelmessig drives på søn- og helgedager, og sammenlignbart turnusarbeid som regelmessig drives på søn- og helgedager,

c) arbeid som innebærer at den enkelte arbeidstaker må arbeide minst hver tredje søndag,

d) arbeid som hovedsakelig drives om natten.

§ 15–3 tiande ledd andre punktum skal lyde:

Er gjeldende *oppsigelsesfrist* kortere enn 14 dager, gjelder denne.

§ 15–14 tredje ledd første punktum skal lyde:

(3) Dersom avskjeden er urettmessig, skal retten kjenne den ugyldig etter *påstand* fra arbeidstaker.

§ 15–17 første punktum skal lyde:

*Bestemmelsene* i dette kapittel gjelder ikke ved oppsigelse etter arbeidstvistloven § 29 eller tjenestetvistloven § 22.

## III

I lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd gjer ein følgjande endringar:

§ 1 andre ledd skal lyde:

Departementet kan gjere unntak frå regelen i første leden når kommunen vil ha eldreråd for geografisk avgrensa område innan kommunen. I kommunar der oppgåvene som gjeld eldre er overført til *kommunedelsutval*, skal det vere eldreråd i alle *kommunedelar*. For slike eldreråd ivaretek kommunedelsutvala dei rettar og plikter som etter denne lov er lagt til kommunestyret. Eldreråd for geografisk avgrensa område skal ha same arbeidsområde som omhandla i § 3. I slike høve skal det og veljast eit sentralt eldreråd.

Overskrift til § 3 skal lyde:

*(Oppgåvene for kommunale eldreråd)*

§ 4 tredje ledd skal lyde:

Reglane i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner gjeld tilsvarande for verksemda i eldrerådet så langt ikkje anna går fram av denne lova.

Ny § 8 tredje ledd skal lyde:

Reglane i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner gjeld tilsvarande for verksemda i rådet så langt ikkje anna går fram av denne lova.

## IV

I lov 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. gjer ein følgjande endringar:

Ny § 10 skal lyde:

Frå det tidspunktet lova tek til å gjelde, blir desse endringane i lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd gjort gjeldande:

I kapittel I skal ny § 4 a lyde:

*(Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)*

Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansettinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. *Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret.* Elles gjeld reglane i denne lova og lov av om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

I kapittel II skal ny § 8 a lyde:

*(Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)*

Fylkeskommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinga vedtek mandatet for og samansettinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. *Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av fylkestinga.* Elles gjeld reglane i denne lova og lov av om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

## V

I lov 29. april 2005 nr. 20 om innkreving av underholdsbidrag mv. blir § 37 tredje ledd oppheva.

## VI

I lov 23. desember 1988 nr 110 om statstilskott til ordninger for avtalefestet pensjon § 5 blir «Sosialdepartementet» erstatta med «departementet».

## VII

1. Loven her trer i kraft straks.
2. Femte strekpunktet i folketrygdlova kapittel 9 innleiinga, vedteke ved lov 16. desember 2005 nr. 19, trer i kraft straks.

---

---





